

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

10/580 - 2 / SIG

Dato:

06.03.2012

Språkpolitiske føringar for norskfaget

1 Innleiing

Vi viser til oppdragsbrev 42-10 datert 6. desember 2010 frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet, svarbrev frå Utdanningsdirektoratet til Kunnskapsdepartementet ”*Styrking av skriftleg hovudmål, avgrensing av skriftleg sidemål og endringar i vurderingsordningane i norskfaget i samband med revisjonen av læreplanen i norsk*” 19. januar 2012 og svaret igjen frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet 8. februar 2012.

Utdanningsdirektoratet føreslår å nedprioritere skriftleg opplæring og vurdering i sidemål i norskfaget i grunnopplæringa. Språkrådet er usamd i konklusjonen i brevet frå direktoratet og kritisk til grunnlaget for konklusjonen. Språkrådet vil kommentere brevet frå Utdanningsdirektoratet nedanfor. Hovudpoenga våre er desse:

- Sidemålsopplæringa treng fornying.
- Gjeldande norsk språkpolitikk er at ”sidemålsundervisninga må utviklast og utbetrast, ikkje reduserast” og det er ”særleg viktig å sikra grunnlaget for ei god utvikling for nynorsken” (stortingsmeldinga *Mål og mening*).
- Det er ikkje grunn til å vente at nynorsk samla sett får ei god utvikling viss ein svekkjer nynorsk som sidemål for å styrkje nynorsk som hovudmål. Viss bokmålsbrukarar flest blir dårlegare i nynorsk, kan det bidra til at nynorskbrukarar går over til å bruke bokmål.
- Føremålet for sidemålsopplæringa bør presiserast i føremålet for norskfaget. Presiseringa må vere i tråd med føremålet i vedteken språkpolitikk om å ta vare på og vidareutvikle norsk – nynorsk og bokmål – som samfunnsberande språk i Noreg.
- Opplæringa i nynorsk som hovudmål kan ikkje sjåast isolert frå statusen og bruksbreidda for nynorsk i skulen og samfunnet elles. Dersom elevane ikkje skal dokumentere kunnskap i skriftleg sidemål verken med standpunktarakter eller obligatorisk eksamen, vil truleg den skriftlege opplæringa i sidemål gradvis forsvinne frå undervisninga. Dette vil vere eit stort



domenetap for nynorsk som bruksspråk. Det er ikkje påvist at ein blir betre i hovudmålet sitt dersom ein får mindre opplæring i sidemål.

- Skrive- og lesekompetanse i begge målformer må prioriterast endå strengare i norskfaget dersom omfanget av faget har blitt for stort.
- Opplæringa i to skriftspråk i norskplanen kan samanliknast med språkopplæring i andre land med fleire offisielle språk, ikkje i typisk eittspråklege land.
- Prosjektresultat frå Nynorsksenteret og råd frå Forum for norskfaget må få ein langt meir sentral plass i arbeidet med revisjonen av læreplanen i norsk.
- Morsmålsopplæring er eit ueigna omgrep for ”opplæring i norsk”.
- Språkrådet bør bli trekt inn i det vidare arbeidet med revisjonen av læreplanen i norsk.

2 Språkpolitiske styringsdokument

Utdannings- og kunnskapssektoren er heilt sentral når det gjeld å halde oppe Noreg som språksamfunn. Praktisk-pedagogiske drøftingar må forankrast i dei overordna språkpolitiske føringane som utgjer berebjelkane i gjeldande språkpolitikk. St.meld. nr. 35 (2007–2009) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* konkluderer med at det er ”særleg viktig å sikra grunnlaget for ei god utvikling for nynorsken”, og at ”det er viktig å sikra skuleelevar god opplæring i begge målformer, og sidemålsundervisninga må utviklast og utbetrast, ikkje reduserast” (s. 209). Språkmeldinga frå Kunnskapsdepartementet, St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*, deler dette språksynet (s. 31):

Et overordnet mål for skolen er å forberede elevene til demokratisk medborgerskap, dvs. til å delta aktivt på ulike samfunnsarenaer som likeverdige deltakere i påvirknings- og beslutningsprosesser. Et premiss for den demokratiske språkpolitikken i Norge er at de to norske målformene nynorsk og bokmål til sammen utgjør det nasjonalspråket som alle norske statsborgere har rett og, på visse betingelser, plikt til å lære. Det overordnede målet i den generelle norskplanen i Kunnskapsløftet er at alle elever skal få en bred språkkompetanse som omfatter kompetanse i både bokmål og nynorsk. En slik språkkompetanse gir innpass i norsk kultur og åpner for bred samfunnsdeltakelse og integrering.

Vi legg til grunn at det er føringar i desse dokumenta som skal styre norsk språkpolitikk slik Stortinget har bestemt.

Kunnskapsdepartementet har i eit avsnitt i Meld. St. nr. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter (ungdomstrinnsmeldinga)* teke opp opplæringa i sidemål. I innleiinga til brevet sitt 19. januar 2012 og i utgreiinga om sentrale føringar og styringsdokument, viser Utdanningsdirektoratet hovudsakleg til ungdomstrinnsmeldinga. Språkrådet reknar likevel ikkje denne meldinga som styrande for dei grunnleggjande premissane i språkopplæringa, slik kunnskapsministeren òg skriv i sitt innlegg i Dag og Tid 30. september 2011: ”Føringene fra denne meldingen [St.meld. nr. 23 *Språk bygger broer*] er fortsatt grunnlaget for departementets arbeid.”

Språkrådet meiner altså at Utdanningsdirektoratet på tydelegare vis bør ta utgangspunkt i dei grunnleggjande dokumenta som språkpolitikken og språkopplæringspolitikken byggjer på.

3 Kommenterar til brevet frå Utdanningsdirektoratet

Samanhengen mellom sidemålsopplæring og opplæring i nynorsk som hovudmål

Vi siterer frå brevet frå Utdanningsdirektoratet:

”Nynorsk skriftkultur vil berre overleve på sikt dersom nynorskelevane held fram med å bruke nynorsk både privat og i offentlege samanhengar, etter at dei er ferdige med grunnskolen. Derfor bør opplæringa i hovudmålet for denne elevgruppa få større merksemd enn i dag.”

Språkrådet er samd i denne analysen, men om ein svekkjer sidemålsopplæringa, svekkjer ein statusen for nynorsk i samfunnet, og det styrkjer ikkje situasjonen for dei med nynorsk som hovudmål eller aukar sjansane for at dei held fram med å skrive nynorsk. Dess lågare nynorskkompetansen til bokmålsbrukarane vert, dess høgare vert venteleg terskelen for at dei brukar nynorsk – noko som vil bidra til å marginalisere nynorsk og nynorskbrukarar.

For å halde oppe bruken av nynorsk som skriftspråk, og for å motverke målbyttet frå nynorsk til bokmål, er det nødvendig med ei god sidemålsopplæring. Det er grunnopplæringa i begge målformer som gjer det realistisk å krevje at eksamensoppgåver i høgare utdanning skal liggje føre på begge målformer, at saksbehandlarar i staten skal kunne svare på brev på begge målformer, at skjema i staten skal kunne finnast på begge målformer, at staten skal kunne veksle mellom nynorsk og bokmål i informasjon til borgarane, at lærarar i alle fag skal kunne undervise på skular i heile landet uansett kva målform elevane brukar, osv.

Som tilsynsorgan for mållova og mottakar av klagesaker har Språkrådet kontakt med unge nynorskbrukarar. Vi har til gode å høyre at elevar og studentar skiftar frå nynorsk til bokmål av di opplæringa i nynorsk var for dårleg på skulen, men vi høyrer ein del frå unge som blir demotiverte av å ikkje få skulebøker og læringsressursar på nynorsk, å ikkje få eksamensoppgåver på nynorsk, av at studieadministrasjonar og lærarar ber dei endre målform fordi det ikkje finst kompetanse til å skrive eksamensoppgåver i t.d. fysikk. Ikkje alt dette skjer like systematisk, men klagesakene vi får, er berre toppen av isfjellet.

Nynorskbrukarar blir ikkje populære av å klage på at dei ikkje får rettane sine innfridde, og mange tenkjer nok at det også skapar endå meir negative haldningar til nynorsk dersom nynorskbrukarar klagar for mykje. Det er ikkje alle som orkar å ha eller ønskjer seg ein markert identitet som nynorskbrukar – dei skiftar like godt til bokmål. I prosjektet Målstreken¹, der 414 ungdommar frå Valdres blir intervjuet om årsakene til målskifte, kjem dette til uttrykk slik:

Dei viktigaste svara på kvifor ungdommane vel som dei gjer, ligg i svara dei gjev i dei opne spørsmåla. Eit viktig signal er mangelen på nynorsk i det offentlege rom. Det er vanskeleg å sjå at nynorsk er relevant når så lite nynorsk er synleg for ungdommen for eksempel i media.

¹ <http://www.malstreken.no/>

Ungdommane opplever ikkje at samfunnet er tospråkleg, bortsett frå på skulen, men heller ikkje der opplever alle at nynorsk har den same posisjonen som bokmål. Svært mange av bokmålsbrukarane og skiftarane uttrykkjer negative haldningar til nynorsken. Desse haldningane er ikkje medfødde. Mangelen på nynorsk i media og i det offentlege rom generelt er med på å forsterke fordommar mot nynorsk, blant anna ved det at det er vanskelegare å lære eit språk som ein ser lite i bruk (Rapport om språkskifte i Valdres s. 25).

Ambisjonsnivået i sidemålsopplæringa og vurderingsformene

St.meld. nr. 23 *Språk bygger broer* understrekar tydeleg sidestillinga mellom målformene:

Gjennom Kunnskapsløftet gjøres språkkompetanse til et av de viktigste målene i opplæringen. Læreplanen i norsk understreker sidestillingen mellom målformene ved å unngå begrepene ”hovedmål” og ”sidemål” i kompetansemålene. På alle trinn blir det framhevet at elevene skal arbeide med bokmål og nynorsk parallelt i norskundervisningen – først gjennom muntlige tekster og lesing, senere gjennom skriving (s. 39).

Sjølv om læreplanen i norsk etter læreplanverket for Kunnskapsløftet formelt stiller same krav til kompetanse i nynorsk og bokmål og det finst læreplanmål som spesifiserer kjennskap til tekstar på nynorsk og bokmål alt frå 4. årstrinn, byrjar den skriftlege opplæringa i sidemål oftast først på 8.–9. årstrinn².

Det kan sjå ut som at framlegget frå Utdanningsdirektoratet skjer på premissane til fleirtalet – dei som har bokmål som hovudmål. Dersom det no skulle bli innført ulike kompetansemål for hovudmål og sidemål, får ikkje nynorskelevane vist det dersom det viser seg at dei har ein jamsterk kompetanse i begge målformene.

Språkrådet vil i denne samanhengen vise til ei undersøking Synovate³ gjorde på oppdrag frå oss i 2010. Synovate sende eit elektronisk spørjeskjema til lærarar på i alt 1608 skular, der spørsmåla blant anna tok opp haldningar til ulike emne i faget. Det kom inn til saman 1594 svar fordelte på 1131 svar frå vidaregåande skular og 463 svar frå ungdomsskular. Svara i spørjegranskinga stadfester at det store fleirtalet av lærarar tykkjer arbeidsmengda i norskfaget er stor, men undersøkinga viser også at det er samanheng mellom høg utdanning og lang erfaring og korleis ein vurderer dei ulike emna i norskfaget. Kunnskap om språk- og litteraturhistorie, forståing og tolking av tekst og undervisning i sidemålet blir sedd på som viktigare jo høgare utdanning og lengre erfaring lærarane har. Det er også ein klar samanheng mellom låg kompetanse i sidemålet og negativ haldning til jamstilling mellom målformene og det å undervise i sidemål. Det er i ungdomsskulen vi finn majoriteten av lærarane med kort utdanning og låg kompetanse i norskfaget. Den låge kompetansen i norsk, og særleg i nynorsk, som ungdomsskulelærarane sjølve rapporterer om i undersøkinga, kan utdanningsmyndigheitene møte med tiltak som tilbod om etter- og vidareutdanning i norsk.

² Kartlegging av sidemålsundervisningen på 10. trinn og allmennfaglig studieretning. Resultater fra en nasjonal undersøkelse blant elever, norsklærere og rektorer. TNS Gallup 2006

³ ”Norsklæreres holdninger til eget fag”, Synovate 2010: <http://www.sprakrad.no/nb-NO/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-2011/Norsklararar/>

Dette er perspektiv og moment som vi meiner bør kome med når ambisjonsnivået i norskfaget blir diskutert.

Vi meiner at læreplanarbeidet og diskusjonen om kor gode elevane er i skriftleg norsk blir betre om det finst dokumentasjon på korleis elevane faktisk skriv når dei gjer sitt beste. Språkrådet forvaltar rettskrivingsreformene i bokmål og nynorsk, og vi er såleis svært interesserte i å vite kor godt elevane meistrar begge målformene. I 2010 hadde Språkrådet kontakt med Utdanningsdirektoratet for å få tilgang til eksamenssvar. Vi fekk til svar at det er mogeleg å få tilgang til dei store mengdene digital tekst som eksamenssvara utgjer – dersom materialet blir brukt til forskning. Det går t.d. an å gjere ein serie jamførande undersøkingar av skriftmålskompetanse ved avgangseksamen. Forskarar kan sjå på rettskriving og setningsbygning, ordtilfang og tekststruktur⁴. Ein kan sjå på spørsmål som gjeld konsekvens og utnytting av valfridom i rettskrivinga. Er innfallsvinkelen pedagogisk, kan ein til dømes sjå på i kva mon oppgåva er oppfatta. Språkrådet vil med dette oppmode Kunnskapsdepartementet til å bruke den språkteknologiske kompetansen som finst ved universiteta til å byggje opp og undersøkje store tekstkorpus. Avgangseksamen frå vidaregåande trinn 2012 kan brukast til dokumentasjon av skrivekompetansen til elevane. Språkrådet vil gjerne bidra med råd.

”Nytta” av sidemålsopplæringa

”Bokmålslevar meiner at dei ikkje får bruk for å skrive nynorsk seinare i livet. Ofte er det sant”, står det i brevet frå Utdanningsdirektoratet. Det er snart ein million tilsette i offentleg verksemd, syner tal frå SSB. Ikkje alle desse er underlagde krava om å bruke begge målformer, men mange av dei er det. Dei fleste statsorgana har kontor i Oslo. Tilsynet i Språkrådet har omfattande statistikk over manglande oppfølging av mållova i sentrale statsorgan heilt sidan 1994. Som døme kan vi nemne at av alle skjema som er i bruk i staten i dag, finst berre halvparten på nynorsk. Regelen seier at dei skal finnast på begge målformer til same tid. Grunnen til at statsorgana ikkje etterlever mållova, er samansett, men vi går ut frå at både manglande vilje til å bruke nynorsk, manglande kompetanse til å skrive nynorsk – og manglande kunnskap om mållova er delar av grunnen. Brota på mållova er mange og statsorgana rapporterer om dei kvart år. Samstundes syner erfaringar frå Språkrådets språkteneste for statsorgan at statsorgana ofte ønskjer seg bokmålskurs i klarspråkarbeidet sitt (og med svært gode grunnar). Men mykje tyder på at statsorgana ikkje etterspør nynorskkompetanse i samsvar med behovet for han.

Utdanningsdirektoratet føreslår at arbeidslivet òg må ta ansvar for å kurse og etterutdanne medarbeidarane slik at dei meistrar begge målformer. Eit slikt ansvar har statsorgana i dag. I § 1 i forskriftene til mållova står det at ”kvart statsorgan har ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk”. Det er likevel i praksis berre tale om kompetanseheving, noko som føreset at dei tilsette har basiskunnskapar i begge målformene. Det er ei viktig leiaroppgåve å kartleggje språkkompetansen og motivere for kurs. Berre slik kan statsorgana òg unntaksvis frita enkelte medarbeidarar frå kravet om å meistre begge målformer.

⁴ I tidsskriftet *Bedre skole* nr. 1–2012 står det ein artikkel om ”Den norske måten å skrive engelsk på”. Her har forskaren teke i bruk ”korpusmetode” for å undersøkje korleis norske engelskstudentar skriv engelsk..

Språkrådet forstår at det ikkje held som motivasjon for mange bokmåselevar på ungdomstrinnet at dei må lære nynorsk av di dei kan få bruk for det i ein framtidig jobb. Vi er difor samde i at føremålet med sidemålsopplæringa må kome betre fram i hovudmålet for norskfaget. Formålet med opplæringa er både å setje individet i stand til å delta i samfunnet og å sørgje for at samfunnet har tilgang på den kompetansen som trengst. Ikkje berre sidemålsopplæringa, men også mållova er språkpolitiske middel for å halde oppe norsk – både nynorsk og bokmål – som samfunnsberande språk i Noreg. Nynorskelevar og bokmåselevar har ein felles språkleg arv og eit felles språkleg ansvar og rett til å lære seg nasjonalspråket med dei to målformene. Både statusen til, bruken av og skriveferdighetene i det mindre brukte nasjonalspråket nynorsk er avhengig av ei velfungerande sidemålsopplæring.

Samanliknbare ambisjonar i andre land

Utdanningsdirektoratet viser til at det i oppdragsbrevet frå Kunnskapsdepartementet står at det faglege nivået i norskplanen skal vere ”i samsvar med morsmålsplanane i land det er naturleg å samanlikne seg med”. Utdanningsdirektoratet viser så til ei samanlikning med læreplanane i land som i opplæringa er typisk eittspråklege. Rapporten *Kunnskap og læringsambisjonar for ungdom i seks land* hevdar fleire stader at ”[b]are den norske læreplanen i *morsmål* forutsetter opplæring i to skriftspråk”. Vi har her kursivert *morsmål*, fordi vi meiner denne nemninga i beste fall er ein uheldig anakronisme når det det er tale om, er opplæring i offisielle språk (nasjonalspråk). Når rapporten talar om *morsmålsopplæring*, fell òg den finske obligatoriske opplæringa i både finsk og svensk (for alle) heilt utanfor.

Om ein i norskplanen skal samanlikne opplæringa i to skriftspråk med opplæringa i andre land, kan det i tillegg vere fruktbart å samanlikne litt med andre land med fleire offisielle språk, nasjonalt eller regionalt. Kva regelverk gjeld for opplæringa dei ulike stadene? Og ikkje minst: Kva er følgjene av det eine eller det andre regelverket? Berre i Vest-Europa er det ein del land som har fleire offisielle skriftspråk, og vidare finst det fleire land i det same området der det er lita eller inga opplæring i minoritetsspråk. Vi avgrensar oss her til å vise til tilhøva i Spania, der det er område med to offisielle språk som liknar kvarandre, og som ein til dels kan bruke om einannan. Med andre ord er dette ein situasjon som kan minne om tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Dette gjeld språka galisisk og katalansk, som er offisielle ved sida av spansk i nokre regionar. Når det gjeld tilhøvet mellom katalansk og kastiljansk (spansk), er det attpåtil ulikt regelverk for opplæringa i og for bruken av dei to språka i samfunnet elles i dei tre autonome regionane Catalonia, Valencia og Balearane. Undersøkingar frå desse områda peikar gjerne på samanhengen mellom kor mykje opplæring skulen gjev i begge skriftspråka, kor godt innbyggjarane meistrar begge språka, og såleis i kva grad begge språka kan brukast i ulike samanhengar.

Kunnskapsbasert utvikling av kunnskapspolitikken

Språkrådet har innvendingar til det faglege grunnlaget for konklusjonane i brevet frå Utdanningsdirektoratet:

1 Den underliggjande påstanden om at ein blir betre i hovudmålet sitt dersom ein får mindre opplæring i sidemål er premissgivande for resonnementet og konklusjonen i brevet frå

Utdanningsdirektoratet. I artikkelen ”Norskfaget og sidemålet – tid for endring”⁵, skriv òg Utdanningsdirektoratet at ”[v]i kan satse tyngre på sidemålet og starte opplæringa tidlegare. Men dersom vi meiner at norske ungdommar generelt treng å styrke skrivekompetansen sin, er det viktigare å styrke hovudmålet.” Slik ligg denne påstanden til grunn for sjølve konklusjonen om at sidemålet må avgrensast for å satse på hovudmålet. Denne påstanden har ikkje bakgrunn i forskning. Forskningsrapporten frå NIFU-STEP frå 2007 slår rett nok fast at elevane, i eit forsøk (”Oslo-forsøket”) der sidemålsopplæringa vart gjord valfri, fekk betre karakter i hovudmålet sitt. Eit av hovudproblema i forsøket er at det er svært vanskeleg å isolere dei ulike tiltaka i forsøket og seie kva som gav positivt utslag for at elevane fekk betre karakter i hovudmålet sitt:

Det er fullt mulig å kombinere opplæring i skriftlig sidemål med vektlegging av skriveferdigheter i alle fag, bredere krav til innhold i de skriftlige arbeidene, utprøving av skrivemapper og mappevurdering, kompetanseutvikling av lærere, systematisk trening i bruk av lesestrategier og økt stofftilgang. Hvis man ikke har et statisk syn på bruk av tid og andre ressurser i norskopplæringen, er det til og med mulig å ta i bruk et eller flere av disse virkemidlene innenfor de ressursrammene man har til rådighet i dag med opplæring i skriftlig sidemål (s. 224 i NIFU-STEP).

Oslo-forsøket har ei rekkje interessante funn. Likevel bør òg forsøk og forskning som tek for seg *opplæring* i sidemål bli gjord greie for og lagt fram for departementet. Likeins kan forskning om skriftkunne (literacy) belyse denne saka: Mykje innanfor skriveutvikling og skrivekunne er felles for nynorsk og bokmål. Språkrådet rår til at skriveforskning og forsøk med sidemålsopplæring blir tekne med i den vidare handsaminga i saka, t.d. Bærumsforsøket⁶, Holmlia-prosjektet⁷ og NORM-prosjektet, eit stort forskingsprosjekt i gang ved Skrivesenteret som skal sjå nærmare på utvikling av skrivekompetanse⁸. Bærumsforsøket viste t.d. at berre 19 av 87 lærarar i Bærum meiner opplæringa i nynorsk er god nok i lærarutdanningsinstitusjonane. Det er vanskeleg å gje god opplæring i nynorsk som sidemål eller hovudmål dersom ikkje læraren kjenner seg kompetent eller har positive haldningar til nynorsk. På Holmlia skole i Oslo har fleire klassar prøvd ut å bruke nynorsk lærebok i RLE-faget. Siktemålet var først og fremst at elevane skulle få meir øving i å lese fagtekstar på nynorsk. Med ei nynorsk lærebok utanfor norskfaget får elevane røynsle med nynorsk som eit språk i bruk. Ei erfaring i prosjektet var at når elevar får arbeide oftare med nynorsk, forsvann også ein del av dei negative haldningane.⁹

2 Med utgangspunkt i St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* arbeider Nynorsksenteret med ein tiltaksplan for nynorsk i opplæringa. Departementet skriv at føremålet med tiltaksplanen er

⁵ <http://www.udir.no/Stottemeny/Presse/Uttalelser/Norskfaget-og-sidemalet--tid-for-endring/> publisert 30.01.12

⁶ Bærumsforsøket: http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb_161.pdf

⁷ Holmlia-prosjektet: http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou_prosjekt/fou_rapportar/sidem%C3%A5ls%C3%B8ftet_-_holmlia-skole

⁸ NORM-prosjektet: <http://www.skrivesenteret.no/prosjekt/developing-national-standards-for-the-teaching-and-assessment-of-writing>

⁹ <http://www.nm.no/tekst.cfm?id=1616>

”[å] styrke nynorsk i opplæringen gjennom en tiltaksplan knyttet til Nynorsksenteret med hovedområdene

- nynorsk i hverdagen for barn og unge i barnehage og skole
- nynorskopplæring som er motiverende og gir bedre læringsutbytte
- kompetanseutvikling i nynorsk for lærere og førskolelærere
- bedre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæringen gjennom statistikk og forskning”

Tiltaksplanen har ei verketid frå 2009–2012 og inneheld prosjekt som undersøker opplæringa i nynorsk som både hovudmål og sidemål. Språkrådet meiner at Nynorsksenteret og dei prosjekta dei arbeider med, må få ein langt meir sentral plass i arbeidet med revisjonen av læreplanen i norsk. Dette gjeld ikkje minst det punktet i oppdragsbrevet frå Kunnskapsdepartementet som gjeld læreplanen i norsk og vurdering i faget og tilhøvet mellom sidemål og hovudmål, som er bakgrunn for brevet frå Utdanningsdirektoratet 19. januar 2012. I dette brevet nemner Utdanningsdirektoratet denne tiltaksplanen i ein fotnote.

3 Utdanningsdirektoratet skriv innleiingsvis i brevet datert 19. januar at dei har motteke innspel frå Forum for norskfaget. Føresetnadene og atterhalda – kort sagt nyansane – i delrapporten frå forumet blir likevel ikkje lagde fram for departementet i brevet frå Utdanningsdirektoratet. Forum for norskfaget skal levere endeleg rapport frå arbeidet sitt i næraste framtid. Likevel sender altså Utdanningsdirektoratet sitt brev med framlegg for det vidare arbeidet i januar. Språkrådet ber Kunnskapsdepartementet om å leggje vekt på råda som kjem frå denne breitt samansette gruppa, og vil peike på sentrale poeng i delrapporten som ikkje er tekne omsyn til i framlegget frå Utdanningsdirektoratet:

- Eksamen og nasjonale prøver styrer opplæringa.¹⁰
- Dersom éin karakter blir innført, må sidemålsksamen etter studieførebuande Vg2 bli obligatorisk.
- Utfordringane med ein felleskarakter er at delar av faget kan bli skubba til sides, gøymt og gløymt.
- Fagdidaktisk er det seint å starte opplæringa i sidemål på åttande–niande trinn.
- Tidlegare start og tydelegare vektlegging av kompetanse i sidemål kan styrkje nynorsk som sidemål i grunnskulen.
- Svært mykje av skriveopplæringa er lik for nynorsk og bokmål.
- Ny plan må få sterkare fram samanhengen mellom munnlege ferdigheiter, skrivning og lesing i norskfaget – tre skilde ferdigheiter som må oppøvast og brukast samtidig.

Forumet finn det ”uhørt” at norsk ikkje er obligatorisk fag på 5–10-utdanninga (lærarutdanninga) og peiker spesielt på situasjonen for alle studentane på 5–10-utdanninga som blir norsklærarar på mellomtrinnet. Mykje av det ein veit om utvikling av skrivekunne og om opplæringa i sidemål,

¹⁰ Dette blir underbygd i rapporten ”Evaluering av norskeksamener våren 2010” som Rambøll Management Consulting gjennomførte på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. I rapporten blir norskeksamen 2010 evaluert. Dette var første gongen eksamen i norsk sidemål ikkje var obligatorisk, men ein kunne bli trekt ut til eksamen. Rambøll finn at sensorane hevdar at kvaliteten i sidemål har gått ned sjølv om lærarane melder at dei ikkje har nedprioritert sidemål i undervisninga (kvalitative intervju) (s.4).

kjem ikkje fram i brevet frå Utdanningsdirektoratet, noko som gjev eit dårleg grunnlag for å drive ei kunnskapsbasert utvikling av kunnskapspolitikken.

4 Innspel frå Språkrådet som statens rådgjevande organ i språkspørsmål

I brevet frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet står det 8. februar 2012:

”Departementet vil leggje til at vi er uroa over at stadig fleire elevar skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål undervegs i opplæringa. Vi ønskjer difor å styrkje nynorsk som hovudmål. Direktoratet og Nynorsksenteret m. fl. vil bli inviterte til å vere med i ei ressursgruppe for å diskutere ulike tiltak som kan snu denne utviklinga.” Vi tillèt oss i denne samanhengen å minne om brev frå Kulturdepartementet til Kunnskapsdepartementet 2. november 2010 *”Om nynorskundervisninga i skulen som ein del av heilskapen i norskfaget”*, der Kulturdepartementet ber Kunnskapsdepartementet om at Språkrådet ”blir trekt inn i ulike førebuande utgreiingar på ein slik måte og i eit slikt omfang som naturleg følgjer av den rolla denne institusjonen har fått som koordinerande språkpolitisk fagorgan på tvers av all statleg verksemd.” Den generelle bakgrunnen for brevet frå KUD er rundskriv V-10N/09 av 30. april 2009, som informerer om hovudmåla for ein heilskapleg sektorovergripande språkpolitikk. Språkmeldinga slår fast at alle fagdepartementa har eit ansvar for å ta språkpolitiske omsyn med i vurderinga når dei utformar og gjennomfører sin eigen sektorpolitikk.

Vi ser difor gjerne at Kunnskapsdepartementet trekkjer Språkrådet inn i ressursgruppa som er omtalt ovanfor.

Helsing

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Sigfrid Tvitekkja
fagkoordinator

Kopi: Kulturdepartementet og Utdanningsdirektoratet